

Innkalling til møte i Strandebarm sokneråd

Møte 2 / 2023

Stad: Strandebarm kyrkjelydshus

Tid: Onsdag 14. februar 2023 kl. 1800 (merk tida)

Innkalling til:

*Olav Tombre, Kåre Milje, Åse Sandnes Fosse, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, Torunn Baldersheim, Anne-Kristin Torsnes Fosse, Arne Gjerstad, sokneprest Vetle Karlsen Eide
Varamedlemmer: Inger Ljones Måkestad, Lillian Hjartåker Fosse, Lina Chandrike Berge, Alvhild Tveitnes, Siv Ljones*

Meld forfall til Kåre

Sakliste:

Ord for dagen v/ Vetle

Sak 7/23 Orienteringar frå sokn og fellesråd

Sak 8/23 Kyrkjeval 2023

Det er mange ting som må på plass før valet i september. Me skal ha ei valnemnd, skal på valkurs, utarbeida vallister, fordela arbeidsoppgåver. I tillegg bør me ha tankar om korleis det nye, og frå hausten mindre, soknerådet bør organisera seg. Me bør klara å overlevera eit sokn med eit kjekt og effektivt sokneråd. Eit sokn der det er lett å få frivillige med på alt det gode og spennande arbeidet som soknerådet har ansvar for.

Sak 9/23 Årsmøte 5. mars i kyrkja

Me går gjennom årsmelding og rekneskap for 2022.

Framlegg til vedtak: Soknerådet rår til at årsmelding og rekneskap vert godkjent av årsmøtet.

Sak 10/23 Minnegudsteneste

I Strandebarm har me dei siste åra hatt minnegudsteneste for avlidne på nyttårsafta. I dei fleste andre sokn legg dei dette til Allehelgensdag (5. november). Den norske Kyrkja har lagt opp til Allehelgensdag på ulikt vis. Er det særskilde og gode årsaker til at me bør ha det nyttårsafta? Me tek ei drøfting på om kva som høver best for Strandebarm.

Framlegg til vedtak: I Strandebarm skal minnegudstenesta for 2023 leggjast til

Sak 11/23 Ymse

Velkomen til Soknerådsmøte onsdag 14. februar kl 1800.